



Blom Fiskeoppdrett AS

Dato: 21.06.2016
Vår ref.: 2016/1803-11
Saksbehandlar: Vibeke Lokøy
Tlf: 55 23 91 45 / 932 49 179

H-L-19, H-ML-1, H-R-4, H-R-8 og H-R-11 Blom Fiskeoppdrett AS – Mellombels løyve til å etablere anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure på lokalitet 11738 Otterholmen i Radøy kommune

Vi syner til Dykkar søknad av 03.02.2016 om utviding av areal på lokalitet Otterholmen.

Vedtak

Blom fiskeoppdrett AS, org.nr. 840215512, med akvakulturløyva H-L-19, H-ML-1, H-R-4, H-R-8 og H-R-11 får med dette mellombels løyve til å etablere flytande akvakulturanlegg for oppdrett av matfisk av laks (*Salmo salar*), aure (*Salmo trutta*) og regnbogeaure (*Oncorhynchus mykiss*) i sjø på følgjande lokalitet i Radøy kommune:

Nr	Lokalitet	Kommune	Lokalitetsbiomasse	Midtpkt. i anlegget Euref 89/WGS 84	Løyve nr.
11738	Otterholmen	Radøy	3600 tonn	60° 41,185' N 4° 54,521' E	H-L-19, H-ML-1, H-R-4, H-R-8 og H-R-11

Koordinatfesta ytterpunkt Euref-89/WGS84:					
1	2	3	4	5	6
60° 41,256' N 4° 54,394' E	60° 41,318' N 4° 54,508' E	60° 41,316' N 4° 54,542' E	60° 41,193' N 4° 54,712' E	60° 41,089' N 4° 54,623' E	60° 41,148' N 4° 54,305' E

Lokalitet 11738 Otterholmen er godkjent for løyva H-L-19, H-ML-1, H-R-4, H-R-8 og H-R-11. Kwart av løyva omfattar ei maksimal tillaten biomasse (MTB) på 780 tonn. Lokalitetsbiomassen skal ikkje på noko tidspunkt overskride 3600 tonn. For nærmare oversikt over kva lokalitetar som er godkjent for dei einskilde løyva, viser vi til akvakulturregisteret.

Dette løyvet erstattar løyve av 29.04.2013. Løyvet er mellombels, og gjeld til 31.08.2020.

Lovheimel

Løyvet er gjeve av Hordaland fylkeskommune med heimel i Lov av 17.06.2005 nr. 79 om akvakultur og Forskrift av 22.12.2004 nr. 1798 om tillatelse for akvakultur for laks, ørret og regnbueørret (laksetildelingsforskrifta). Dette løyvet etter akvakulturlova inkluderer løyve etter matlova, forureiningslova og hamne- og farvannslova.

Grunngjeving

Blom Fiskeoppdrett AS søkte 03.02.2016 om å utvide det klarerte arealet på lokalitet Otterholmen frå 6 stk. 75 x 75-meters rammer i 2 rekkjer, til 6 rammer på 100 x 100 meter i 2 rekkjer. Dette vil auke fleksibiliteten for selskapet på lokaliteten. Lokaliteten er godkjent for maksimal tillaten biomasse (MTB) på 3600 tonn, og det vert ikkje søkt om å auke denne.

Høyring etter forskrift om konsekvensutgreiingar

Tiltaket fell inn under vedlegg II i forskrift om konsekvensutgreiingar for tiltak etter sektorlover (FOR 2014-12-19-1758). Søknaden skal då handsamast etter § 3 i forskrifta. Såkalla vedlegg II-tiltak kan berre påleggast «supplerande utgreiingar» dersom det er venta at tiltaket vil få vesentlege verknader som ikkje allereie er gjort greie for i søknaden. Fylkeskommunen si vurdering er at miljødokumentasjonen i søknaden gir godt nok grunnlag for å vurdere om tiltaket får vesentleg verknad for miljø og samfunn, jf. vedlegg III i forskrifta. Det vart heller ikkje reist krav om supplerande utgreiingar frå fagmyndigheitene for dei respektive kriteria i vedlegg III.

Tilhøvet til kommunen sin arealplan

Anlegget ligg i arealkategorien Område for bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone i kommuneplanen til Radøy. Føremålet er fleirbruksområde for ferdsel, farleier, fiske, akvakultur, drikkevatt og natur- og friluftsområde, kvar for seg eller i kombinasjon.

Offentleg ettersyn og kommunal handsaming

Søknaden vart kunngjort etter retningslinene og har lege ute til offentlig innsyn i Radøy kommune. Det kom ikkje inn merknader til søknaden. Radøy kommune har vurdert søknaden i brev av 03.05.2016. Kommunen har i si vurdering lagt til grunn søkjar sine opplysningar om at arealauke ikkje vil gå inn i rekefelt eller naturområde etter Kommuneplan for Radøy kommune. Byngjo og tilhøyrande sjøområde er eit mykje nytta friluftsområde. Kommunen meiner det er viktig at lokaliteten som følgje av utvidinga i areal ikkje kjem ytterlegare i konflikt med fritidsbruken i området.

Mattilsynet, Region Sør og Vest

Mattilsynet Region Sør og Vest gir i vedtak 14.03.2016 løyve til å endre arealbruk på lokaliteten. Løyve er gjeve i medhald av § 5 i Forskrift av 17.06.2008 nr. 823 om etablering og utviding av akvakulturanlegg, zoobutikkar m.m.

Fylkesmannen i Hordaland, kommunal- og samfunnsplanavdelinga

gir i brev av 06.06.2016 svar på søknaden. Dei skriv mellom anna: «For å kunne gje løyve etter akvakulturlova kan det aktuelle området ikkje vere i strid med vedtekne arealplaner etter plan- og bygningslova jf. akvakulturlova §15 a. Fylkesmannen kan ikkje sjå at tiltaket er i tråd med kommuneplanen til Radøy, og vi kan ikkje sjå at det er nemnt i søknaden korleis tiltaket eventuelt er planklarert. Fylkesmannen legg til grunn at løyve etter akvakulturlova ikkje kan gjevast før tiltaket har blitt planklarert etter plan- og bygningslova. Vilåra for å gje løyve til utviding av akvakulturanlegget på lokalitet Otterholmen er etter vårt syn ikkje oppfylte.» Fylkesmannen kjem ikkje med vurdering etter naturvern-, friluftsliv-, vilt-, lakse- og innlandsfiskeinteresser, eller naturmangfaldlova.

Med heimel i forureiningslova frå 13.03.1981 nr. 6, § 11, jf. § 16 har Fylkesmannen i Hordaland 12.04.2013 gjeve løyve til utslepp til luft og vatn for produksjon av 3600 tonn MTB matfisk av laks og aure på lokalitet Otterholmen i Radøy kommune. Utsleppsløyvet vert vidareført i dette løyvet.

Kystverket Vest handsamma søknaden 16.02.2016. Med heimel i havne- og farvannsloven § 27 fyrste ledd, jf. forskrift 3. desember 2009 nr. 1449 om tiltak som krev tillating av Kystverket § 1, gir Kystverket Vest løyve til utviding og endra plassering av anlegg for oppdrett av laks og aure ved lokalitet 11738 Otterholmen i Radøy kommune, i samsvar med vedlagte stempla kart med teikning og posisjonar over anlegget.

Fiskeridirektoratet, Region Vest gir 30.05.2016 følgende uttale til søknaden:

«Fiskeridirektoratet region vest kan ikke gå inn for søknaden utan at fortøyingsystema vert plassert på ein måte slik at dei ikkje kjem til hinder for trålfiske. Søknad om endra arealbruk ved lokalitet 11738 Otterholmen kjem i konflikt med fiske. Fortøyingsystema frå anlegget vil sperre for tråling i rekefeltet som Fiskeridirektoratet har registrert i Helleosen.»

Vår vurdering

Hordaland fylkeskommune har vurdert søknaden etter lov av 17. juni 2005 nr 79 om akvakultur, og i høve til generelle vilkår for klarering av akvakulturlokalitet som er gjeve i § 30 i laksetildelingsforskrifta som seier at lokalitet for akvakultur kan klarerast dersom:

- a) det er miljømessig forsvarlig;
- b) det er foretatt en avveining av arealinteresser, med særlig vekt på
 1. søkers behov for areal til planlagt akvakultur,
 2. alternativ bruk av området til annen akvakultur,
 3. annen bruk av området, og
 4. verneinteresser som ikke omfattes av bokstav d.
- c) det er gitt tillatelser som kreves etter
 1. lov 19. desember 2003 nr. 124 om matproduksjon og mattrygghet mv.,
 2. lov 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensninger og om avfall,
 3. lov 17. april 2009 nr. 19 om havner og farvann.
- d) det ikke er i strid med
 1. vedtatte arealplaner etter plan- og bygningsloven 14. juni 1985 nr. 77,
 2. vedtatte vernetiltak etter kapittel V i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold,
 3. vedtatte vernetiltak etter lov 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner.

Vurdering i høve til bokstav a) miljømessig forsvarleg

Søknaden er vurdert med omsyn til biologisk mangfold, forureining av det ytre miljø og økologiske effektar. Ved handsaming av søknaden er sakshandsamingsreglane i naturmangfaldlova av 19. juni 2009 nr. 100 § 8 -12 følgt i vurdering av om tiltaket det vert søkt om er miljømessig forsvarleg etter laksetildelingsforskrifta § 30 a.

Lokaliteten kjem ikkje i konflikt med trua eller sårbare artar, viltområde eller naturtypar som har eit kjent behov for særskilt beskyttelse. Søknaden gjeld utskifting av anlegg, samt noko auka og justert areal. Det er ikkje søkt om auke i produksjonen, og utslippet frå lokaliteten vil difor verte spreidd over eit større areal enn før. Dette kan ha ei positiv effekt på botnmiljøet direkte under anlegget. Miljøtilstanden under anlegget er god (tilstand 2), og botnmiljøet ser ut til å tole drifta på lokaliteten.

§ 8 Kunnskapsgrunnlaget

Vedlagt søknaden om utviding var miljøundersøking (MOM B) og strauummålingar. Vurderingane i samband med søknaden er gjort ut i frå tilgjengeleg kunnskap og registreringar i området. Søknaden har på vanleg måte etter reglane i akvakulturlova vore til handsaming hjå kommunen og sektorstyresmaktene, og det er ikkje kome opplysningar om at saka ikkje er tilstrekkeleg opplyst i høve til oppdrettsanlegget si påverknad på naturmangfaldet.

§ 9 Føre-var prinsippet

Saka vert sett på som tilstrekkeleg opplyst, og føre-var prinsippet vert difor ikkje tatt i bruk.

§ 10 Økosystemtilnærming og samla belastning

Tiltaket inneber inga endring av biomasse og vert vurdert til å gi liten endring av samla belastning for området.

§ 11 Kostnader ved forverring miljø

Tiltakshavar skal dekke kostnadane ved å hindre eller avgrense skade på naturmangfaldet som tiltaket er årsak til, dersom det ikkje er urimeleg ut i frå tiltaket og skaden sin karakter.

§ 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar

Det er egne forskrifter som gir krav til teknisk standard og regulerer drift av akvakulturanlegg. Det er eit ufråvikeleg krav at drifta skal vere teknisk, biologisk og miljømessig forsvarleg.

Vassforskrifta

Vassforskrifta gir rammer for vassforvaltninga. I samsvar med vassforskrifta skal tilstanden i alle vassførekomstar beskyttast mot forverring, forbetrast og gjenopprettast med sikte på at vassførekomstane skal ha minst god økologisk og god kjemisk tilstand. Vassforskrifta § 12 omhandlar ny aktivitet eller nye inngrep. Lokaliteten Otterholmen ligg i vassførekomsten Mangersfjorden, som i samsvar med vann-nett har god økologisk tilstand. Det er ikkje venta at utviding av det klarerte arealet på Otteholmen vil føre til at miljøtilstanden i vassførekomsten blir dårligare enn god.

Vurderingar i forhold til b) avveging av arealinteresser

1. Søkar sitt behov for lokaliteten/arealet.
Søkar sitt behov for lokaliteten er vurdert i samband med tidlegare lokalitetsklarering. Otterholmen er ein god og viktig lokalitet for Blom Fiskeoppdrett. Utskifting til større rammer i anlegget vil gi selskapet fleksibilitet i høve til å nytte større ringar på lokaliteten. Det vil og ha innverknad på utskifting av anleggsutstyr på andre av selskapet sine lokalitetar.
2. Alternativ bruk av området til anna akvakultur.
Området er allereie i bruk til oppdrett av matfisk av laks og aure, og det er soleis ikkje relevant å vurdere alternativ bruk av området til anna akvakultur.
3. Anna bruk av området.
Søknaden er vurdert opp mot anna og alternativ bruk av området. Selskapet søker om utskifting og utviding av anlegg i eit område som tidlegare er klarert for oppdrettsverksemd. Med den omsøkte utvidinga vil fire nye fortøyningar mot sørvest verte liggande i eit registrert rekefelt i Helleosen og sperre for rekefiske her. I høve til kommuneplanen kjem fortøyningane ikkje i konflikt med rekefeltet, men dette er ikkje i samsvar med Fiskeridirektoratet sine registreringar, kor rekefeltet strekk seg lenger ut. Fiskeridirektoratet kan ikkje gå inn for søknaden utan at fortøyningane vert plassert på ein slik måte at dei ikkje kjem til hinder for trålfiske. Fylkeskommunen er einig med Fiskeridirektoratet i at rekefiske på sikt kan kome tilbake i området, og at det er viktig at rekefelta vert haldne fri for installasjonar som er til hinder for tråling. Selskapet må finne alternative plasseringar for anlegg og fortøyningar, som ikkje er til hinder for fiske etter reke med trål.

Vurdering i høve til bokstav c) løyve etter anna lovverk

Alle naudsynte løyve i samsvar med forskrifta punkt c føreligg.

Vurdering i forhold til bokstav d) tiltaket skal ikkje vere i strid med:

1. vedtatt arealplan etter plan og bygningslova
Anlegget ligg i arealkategorien Område for bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone i kommuneplanen til Radøy. Føremålet er fleirbruksområde for ferdsel, farleier, fiske, akvakultur, drikkevatt og natur- og friluftsområde, kvar for seg eller i kombinasjon.
2. vedtatt vernetiltak etter naturmangfaldlova
Tiltaket er ikkje i strid med vedtatt vernetiltak etter naturmangfaldlova.

3. vedtatt vernetiltak kulturminnelova

Det føreligg ingen informasjon om at tiltaket er i strid med vedtatt vernetiltak etter kulturminnelova. Ein kan likevel ikkje sjå vekk frå at det fins kulturminne i området, og fylkeskommunen viser til kulturminnelova og meldeplikta.

Etter ei samla vurdering, etter Lov om akvakultur 17.06.2005 nr. 79, gjev Hordaland fylkeskommune Blom Fiskeoppdrett AS, org. nr. 840215512, mellombels løyve til produksjon av matfisk av laks (*Salmo salar*), aure (*Salmo trutta*) og regnbogeare (*Oncorhynchus mykiss*) med inntil 3600 tonn MTB og endra plassering på lokalitet Otterholmen i Radøy kommune. Løyvet er tidsavgrensa, og gjeld til 31. august 2020.

Tidsavgrensing

Hordaland fylkeskommune meiner det er uheldig at fortøyingar vert liggande inn i trålfelt, til hinder for utøving av rekefiske. Rekefeltet ved Helleosen har ikkje vore tråla på mange år, og vi ser det som lite truleg at det vil bli nytta i løpet av dei neste fire åra. Med denne bakgrunn vert løyvet gjeve mellombels for to produksjonssyklusar. Innan løyvet går ut må selskapet finne ei alternativ plassering av anlegg og fortøyingar som ikkje er til hinder for trålfiske etter reke i Helleosen.

Generelle vilkår

- Anlegget skal ligge i samsvar med vedlagte kart og anleggsskisser og i samsvar med godkjente koordinatar for anlegget sine ytterpunkt.
- Løyve vert gitt utan ansvar til nabo-, eigedom-eller andre privatrettslege forhold.
- Utleige av akvakulturløyve er ikkje tillate.
- Anlegget skal etablerast og drivast på ein miljømessig forsvarleg måte.

Plikter

Som konsesjonsinnehavar har De plikt til å sette Dykk inn i det regelverket som gjeld for løyver etter Akvakulturlova.

Anna

Vi ber om at miljøundersøkingar blir sendt til myndigheitene via Altinn.

Når det gjeld drift av løyve, viser vi til forskrift 17.06.2008 nr. 288 om drift av akvakulturanlegg (akvakulturdriftsforskrifta) og forskrift av 19.3.2004 nr. 537 om internkontroll for å oppfylle akvakulturlovgivinga. Løyve vert gitt under føresetnad av at etablering, drift og avvikling vert gjennomført i samsvar med andre gjeldande forskrifter og vilkår.

Løyvet kan trekkast attende om føresetnadane for løyvet vert vesentleg endra.

Kopi av dette løyvet med vedlegg skal oppbevarast tilgjengeleg for alle medarbeidarar på anlegget og for alle som har kontrollrett.

Klagerett

Vedtaket kan klagast på. I medhald av forvaltningsloven § 27b er det sett som vilkår for å gå til søksmål at ein har nytta retten til å klage fullt ut. Merk at ei klage ikkje fører til utsett iverksetting av vedtaket. Det er likevel mogleg å søke om at iverksetting vert utsatt til klagesaka er avgjort.

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Sølve Dag Sondbø
leiar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg:

Utsleppsløyve frå Fylkesmannen i Hordaland 12.04.2013

Løyve frå Mattilsynet Sør og Vest 14.03.2016

Løyve frå Kystverket Vest 16.02.2016

Kart over godkjent plassering

Klageskjema

Kopi:

Fylkesmannen i Hordaland

Fiskeridirektoratet region Vest

Mattilsynet avdeling Sør og Vest


Kystverket Vest

Radøy kommune

H-L-19, H-ML-1, H-R-4, H-R-8 og H-R-11

Blom Fiskeoppdrett AS


Lokalitet 11738 Otterholmen



Lokalitet 11738 Otterholmen



Målestokk: 1:10 000



Hordaland fylkeskommune

Agnes Mowinckels gate 5
PB 7900
5020 Bergen

Tlf: 55 23 90 00
e-post: hfk@hfk.no
www.hordaland.no

Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.
Kontonr. [xxxx xx xxxxxx]

(1) Sendar (stemplet til forvaltningsorganet) Hordaland fylkeskommune Agnes Mowinckels gate 5 PB 7900 5020 BERGEN	Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak (Forvaltningslova § 27 tredje leddet) 21.06.2016
(3) Mottakar (namn og adresse) Blom Fiskeoppdrett AS	(4) Klageinstans Fiskeridirektoratet
<p>Denne meldinga gjev viktige opplysningar dersom De vil klage på eit vedtak De er gjord kjend med.</p> <p>Klagerett De har rett til å klage på vedtaket.</p> <p>Kven kan De klage til? Klaga sender De til oss, dvs. det organet som er ført opp i rubrikk (1). Dersom vi ikkje endrar vedtaket vårt som følge av klaga, sender vi klaga over til klageinstansen, jf. rubrikk (4).</p> <p>Klagefrist Klagefristen er tre - 3 - veker frå den dagen dette brevet kom fram. Det er nok at klaga er postlagd før fristen går ut. Dersom De klagar så seint at det kan vere uklart for oss om De har klaga i rett tid, bør De oppgje datoen for når De fekk dette brevet. Dersom De klagar for seint, kan vi sjå bort frå klaga. De kan søkje om å få lengre klagefrist, og da må De nemne grunnen til at De ønskjer det.</p> <p>Retten til å krevjegrungjeving Dersom De meiner at vi ikkje har grungjeve vedtaket, kan De krevje ei slik grungjeving før fristen går ut. Ny klagefrist blir då rekna frå den dagen De får grungjevinga.</p> <p>Innhaldet i klaga De må presisere <ul style="list-style-type: none"> - kva for eit vedtak De klagar på - årsaka til at De klagar - den eller dei endringar De ønskjer - eventuelt andre opplysningar som kan ha noko å seie for vurderinga av klaga Klaga må underskrivast. </p> <p>Utsetjing av gjennomføringa av vedtaket Jamvel om De har klagerett, kan vedtaket til vanleg setjas i verk med det same. Men de kan søkje om å få utsett gjennomføringa av vedtaket til klagefristen er ute eller til klaga er avgjort.</p> <p>Retten til å sjå saksdokumenta og til å krevje rettleiing Med visse unntak har De rett til å sjå dokumenta i saka. Reglane om dette finst i § 18 og § 19 i forvaltningslova. De må i tilfelle ta kontakt med oss, jf. rubrikk (1). De vil då få nærmare rettleiing om retten til å klage, om framgangsmåten og om reglane for saksgangen.</p> <p>Kostnadene med klagesaka De kan søkje om å få dekt utgifter til den advokathjelpa De treng, etter reglane om fritt rettsråd. Her gjeld det visse grenser for inntekt og eige. Fylkesmannen eller advokaten Dykkar kan gje nærmare opplysningar om dette. Dersom vedtaket er endra til Dykkar fordel, kan De etter forvaltningslova ha krav på å få dekt store kostnader som har vore naudsynte for å få endra vedtaket. Klageinstansen (jf. rubrikk (4)) vil orientere Dykk om retten til å krevje slik dekning.</p> <p>Klage til Sivilombodsmannen Dersom De meiner at De har vore utsett for urett frå den offentlege forvaltninga, kan De klage til Stortingsombodet for forvaltninga (Sivilombodsmannen). Sivilombodsmannen kan ikkje sjølv endre vedtaket, men kan gje si vurdering av korleis den offentlege forvaltninga har handsama saka, og om dei har gjort feil eller forsømt noko. Dette gjeld likevel ikkje i saker som er avgjorde av Kongen i statsråd. Dersom De no får klaga Dykkar avgjort i statsråd fordi Kongen er klageinstans, kan De såleis ikkje seinare føre saka inn for Sivilombodsmannen.</p>	
Særlege opplysningar	

X-0073 N (Godkj. 05-95) Elektronisk utgåve